



**Vestland fylkeskommune**  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår ref.: 21/249-2 / MLU  
L.nr.: 21/2224

Dykkar ref.:  
Arkiv: K2-N00  
Dato 03.05.2021

## Lastebåten til Storakersund

Vi syner til Høyring godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll dagsett 08.04.21.

Vår uttale går på dei tilhøva som gjeld Storakersundet/Porten i Hyllestad kommune.

Porten er ei veglaus grensd der det vert drive næringsverksemد som er avhengig av tilførsel frå sjø. Som det er omtalt i høylingsnotatet er det anløp om lag annan kvar veke gjennom året, og mykje av godset er relatert til næring, mellom anna for, gjødsel og dyr i kasser.

Det er i høylingsbrevet lista opp tre alternative løysingar.

Alternativ 1: VLFK tek ikkje ansvar for godstransport til stadar utan veg ut over det godset som kan fraktast med passasjerbåt til stader der ein har dette som tilbod.

Dette alternativet er ikkje gjennomførbart, då ein stor del av godset ikkje vil kunne fraktast per passasjerbåt. Mellom anna vil det gjelde alt som går til opprethald av næringsverksemد i Porten. På mange måter vil det vere som å greve over vegen eller spreng vekk ei bru til andre innbyggjarar. **Hyllestad kommunen vil på det sterkeste gi uttrykk for at dette alternativet ikkje er realistisk, og at ein ved eitt slike vedtak i røynda legg ned ei heil grensd.**

Alternativ 2 og 3:

Alternativet med opprethald av dagens rute vert frå vår side sett på som det beste. For det første er det mykje etablert praksis kring leveransar og logistikk, slik at ein veit at dagens opplegg fungerar. Det kan godt hende at ei lokal ordning og kan gjere, men all den tid kostnaden er om lag lik ser vi ikkje grunnlag for å endre. Ein stor del av godset kjem og frå Bergen, slik at direkte leveransar er eit gode. Vi frykter og at det vert fleire omlastingar, då all erfaring frå godstransport syner at skader på godset oppstår ved omlasting.

Andre moment:

-Vi ser behov for minst to anløp per veke

Med helsing

Martin Lundgård  
Kommunedirektør

Telefon: 57789503  
E-post: martin.lundgard@hyllestad.kommune.no

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har difor ikkje signatur.